

## Årsmelding for Voss Idrottsråd 2015.

Årsmøtet vart avvikla 26/3-2015 med val av nytt styre.

På andre møtet 11. mai 2015 vart det føreteke slik konstituering etter valet:

Leiar	Asle Bergstrøm
Nestleiar	Nils Een
Sekretær	Bent Kvamme
Kasserar og varamedlem	Frode Rokne
Styremedlem	Ingvill Knapstad Bidne
Styremedlem	Borghild Haugo Ure
Styremedlem	Einar Melve
Varamedlem	Gunn Marit Bergstrøm

Styret har fordelt nokre av arbeidsoppgåvene slik:

- Leiar har delteke på møter i Brukarrådet for Voss Idrotts plass
- Leiar her delteke i arbeidsgruppa for ny reguleringsplan for Bømoen med fokus på idrett- og friluftstiltak.
- Nils Een har delteke i planarbeidet for Strandsoneplanen på Prestegardslandet og Kulturplanen.
- Borghild Ure har delteke i Voss Sparebank si vurdering av eldsjelprisen
- Einar Melve har føreteke justering av Lova til Voss Idrottsråd.

### Arbeide i Styret.

Voss Idrottsråd har avhelde 8 styremøter i perioden.

Voss Kommune sin folkehelse-koordinator har deltek på fleire møter med styret.

Vi viser elles til Samarbeidsavtalen mellom Voss Kommune og Voss Idrottsråd som skisserer korleis samhandling og samarbeide skal fungere i praktisk arbeide til beste for idretten.

Voss Idrottsråd skal representere i alt 44 idrettslag i kommunen som er tilslutta Norges Idrettsforbund.

Medlemmer av styret har vore representert i fleire kommunale utvalg og planprosessar og resultat av dette i 2015 nemner me:

- Ny kulturplan for Voss Kommune
- Vedtak om strandsoneplan på Prestegardslandet m.a med fleirbruksanlegg for uorganisert aktivitet.

Idrottsrådet har dessutan gjeve fråsegner til kommunen i høve:  
-Kommunale driftstilskot til både sommar-og vinteridrettsanlegg  
-Prioritering av spelemidlar til idrettsanlegg.

Ein har frå Idrottsrådet si side peika på behovet for å auke budsjettmidlane til vedlikehald av anlegga då desse postane ikkje har vore justert for auke i dei reelle kostnadane frå kommunen si side på mange år.

Når det gjeld tilføring av spelemidlar til bygging av anlegg har søkjarlaga frå Voss kome på etterskot i høve tildeling i regi av Hordaland fylkeskommune.

Ventetid på midlar er no ca. 5-6 år medan normal tildelingstid er 3-4 år.

Idrottsrådet har via fråsegn til MKU framhalde at Voss bør prioriterast for tildeling i 2016.

I dette høve har vi minna om at laga på Voss har måtte bygge/rehabiliterer mange anlegg i samband med terminfesta tilskipingar av nasjonal og internasjonal karakter som:

- Landskyttarstemnet i 2011
- NM i langrenn og hopp i 2012
- VM i freestyle i 2013
- NM i skiskyting i 2014

Laga har teke opp byggelån for å fullføre tilrettelegginga av anlegga og når ventetida på spelemidlar dreg ut i tid vert den reelle verdien av tilskotet av spelemidlar kraftig redusert.

### **Rehabilitering av Palmfossen idrettsplass.**

IL Viljar har i år gjennomført rehabilitering av idrettsplassen på Palmfossen samtidig som ny skule er under utbygging.

Det nye idrettsanlegget omfattar no kunstgrasbane for fotball, ball-binge samt rulleskibane til erstatning for tidlegare friidrettsbane.

Det har vorte eit flott og teneleg anlegg for både bebuarane i nærmiljøet og for skulen sin bruk på dagtid.

Idrettsplassen skal framleis fungerer som skistadion og utgangspunkt for trim- og skiaktivitetar for Bømoløypa på årsbasis.

Voss Idrottsråd gav gåve til IL Viljar i samband med opninga i sept. 2015.

### **Rehabilitering av Sundve idrettsplass.**

IL Eldar har starta arbeidet med rehabilitering av fotballbane ved Sundve skule til ny kunstgrasbane for fotball.

Eksisterande ball-binge har ein von om å flytta inn på areal til skulen etter riving av gamleskulen.

Ein vonar kommunen ser med velvilje på ei slik utvikling både med omsyn til areal og økonomisk tilskot.

### **Regulering av Bømoen.**

Idrettsrådet v/leiar har delteke i ei arbeidsgruppe som lekk i å førebu reguleringsplanen for Bømoen og der siktemålet er å legge tilhøva best mogeleg til rette for areal til bruk av områda til idrett og friluftsføremål.

Nærområda til Palmafossen skule, Palmafossen idrettsplass med Viljar sitt klubbhus og bebruarane i området ser vi som sær s viktige i dette arbeidet.

Bømoen har vore eit viktig friluftsområde i mange år og målet vårt er at flest mogeleg aktivitetar skal kunna halda fram om enn med visse tilpasningar til framtidig utbygging av bustadfelt og næringsrelatert aktivitet.

Bømoløypa er eit sentralt element i dette.

### **Edvard B. Heggoms minnefond.**

Etter handsaming i idrettsrådet vart det bestemt å tildele heiderspris og 1 stipend for 2015 i samband med høgtidinga av 17 mai på Idrottsplassen.

Heidersprisen vart tildelt Olav Farestveit, Voss IL for hans engasjement for skianlegget i Skutle / Herresåsen medan idrettstipendet vart tildelt Karoline Simpson-Larsen, Vargar IL for hennar prestasjonar både i friidrett og langrenn.

Styret for Idrottsrådet har drøfta framtida for dette minnefondet då det er problem å oppretthalde økonomien i samsvar med statuttane.

Årsmøtet vert bede om å ta standpunkt til framtida for minnefondet når midlane er oppbrukt. Endring av statuttane kan vere aktuelt der ein t.d. kan sløyfe å gje stipend til unge utøvarar av di Voss kommune har innført ei tilsvarande ordning.

### **Om LAM-midlar.**

LAM-midlar er tilskot frå Norges Idrettsforbund til aktivitetar for born-og ungdom i alderen 6-12 år og 13 -19 år.

Tilskotet vert fordelt i høve antall medlemmer i desse aldersgruppene i kommunen.

Tilskotet for 2015 var totalt på kr. 835.362.- medan det i 2014 var på kr. 593.091.-

Grunnlaget for fordeling av LAM-midlane vart i 2015 delt i samsvar med retningslinjer vedteke på Årsmøtet i 2014 då dette ikkje var tema på Årsmøtet i 2015.

## **Økonomi.**

Frå Voss Kommune har vi i 2015 motteke tilskot på kr. 15.000.- til drift av Idrottsrådet og dessutan kr. 55.000.- i "frie" midlar.

Dette vart tidlegare tildelt laga etter søknad gjennom kommunen til kurs- / leiaropplæring og utstyrsmidlar.

Idrettsrådet har i fylgje rekneskapen p.t god økonomi å har vedteke å lyse ut deler av dei disponible midlane slik at laga kan søkje om tildeling.

Idrottsrådet vil her prioritere kurs og opplæring av trenar/dommar og aktivitetsleiarar i laga.

## **Styret for Voss Idrettshall KF.**

Etter kommunestyrevalet hausten 2015 vart Idrottsrådet bede om å utpeike 2 representantar til styret for idrettshallen og desse vart utpeika:

Tor Halvor Bjørnstad, Voss IL.

Geir Arne Aspebakken, Voss Handballklubb.

## **Ungdoms-OL 2016 på Lillehammer, Fakkelfstafett og seminar 25/1-2016.**

NIF og HIK har valt Voss som arrangementstad for fakkelfstafetten for ungdoms-OI 2016.

Mange vidaregåande skular var involvert med fakkelfstafetten og div. aktivitetar i samband med dette kring scenen på Prestegardslandet og i Idrettshallen.

Det vart også halde eit seminar med fleire føredragshaldarar i Kulturhuset om kvelden.

Voss Idrottsråd v/ leiar orienterte om sitt arbeide i lokalmiljøet.

## **Konferansar.**

Leiar har delteke på konferanse for Idrettsråda i Hordaland i regi av HIK. hausten 2015.

Idrettsrådet er dessutan invitert til å delta på anleggskonferanse i regi av HIK 25/2-2016 og til Idrettskretstinget for HIK i Bergen 9/4-2016.

## **Vossabadet og fylkeskommunale anlegg.**

Nytt badeanlegg med 25 ms basseng for symjesport har vore høgt prioritert mellom idretten i mange år og Kommunestyret har gjort prinsippvedtak om bygging innafor gitt økonomisk ramme.

Den katastrofale flaumen i Vosso og Vangsvatnet hausten 2014 medførte at NVE har justert opp nivået for byggegrenser i nærområda til Vangen til kote 53.20 m.

Voss kommune kunngjorde sumaren 2015 at Vossabadet no skulle byggjast på eit anna areal enn opprinneleg planlagt, nemleg på eit område på Voss idrettsplass der noverande Idrettshus står.

Både Brukarrådet for Voss idrettsplass og Voss Idrottsråd var ikkje informert om denne planendringa og har etterlyst konsekvensvurdering av denne planendringa for sentralidrettsanlegget og den idrettslege aktiviteten i området.

Det har vore div .kontaktmøter m/ Ordføraren og Teknisk sjef utan at det er lagt fram konkrete planar for det nye badeanlegget eller arealbruken i området generelt.

Idrettens offisielle organ er difor uroa over mangel på informasjon og medverknad i planprosessen til dette viktige tiltaket for idretten.

Vi meiner og at dette ikkje er i samsvar med samarbeidsavtalen mellom kommunen og idrottsrådet.

Samtidig føregår det stor nybygging av Voss Gymnas med idrettshallar , garderobar og "gladiatorgang" frå gymnaset og inn på idrettsplassen i tribuneanlegget.

Samtidig er tidtakarbua riven, men skal erstattast med nytt bygg på same stad, men no med noko større grunnflate og inkludere toalett etter ynskje frå idretten.

I dette høvet må ein og nemne at fylkeskommunen bygger ny skule på Voss jordbruksskule i Skulestadmo der ny "mini-idrettshall" allereie er teken i bruk.

For idretten sin del vonar Idrottsrådet at dei fylkeskommunale skulane vert tilgjengelege for idretten og andre aktuelle brukarar på same vilkår som fylkeskommunale anlegg ellers i fylket.

Idrettsrådet vil her minne om målsetjinga i den nye Kulturplanen om at all bruk av idrettshallar innan kommunen skal vere gratis for brukarar under 19 år.

Dette må difor gjelde både for Voss idrettshall og dei fylkeskommunale idrettshallane / gymsalane.

Denne målsetjinga er elles i samsvar med Norges Idrettsforbund si tilråding.

### **Ny Lov for Voss Idrottsråd.**

Norges Idrettsforbund gjorde vedtak på Idrettstinget sumaren 2015 om ny lovnorm for idrettsråd.

Dette medfører at Lova for Voss Idrottsråd må reviderast i tråd med den nye lovnorma. Denne er revidert og vert lagt fram til drøfting og vedtak i Årsmøtet våren 2016.

### **Oppgradering av heimesida til Voss Idrottsråd.**

Heimesida til VIR har trong for oppgradering og styret har i dette høve bede firma "dform" v/ Jostein Lothe om fagkunnig hjelp.

Målet er at dette arbeidet skal gjere heimesida meir brukarvennleg og verte kjelde til praktisk informasjon for laga og andre interesserte.